

Til forsvar for Natur og Ungdom – og reindrifta

I eit innlegg i fleire medier går Torstein Storaas til frontalåtak på reindrifta – og på NU for å samarbeide med reindrifta mot naturinngrep. Når Storaas titulterer seg professor, fortel det mest om at sakligheitskrava til professorar no må ha nådd eit nytt lågmål.

Storaas skriv at NU støttar "tamreinindustrien". Eg kan ikkje sjå at verken NU eller moderorganisasjonen Naturvernforbundet har gått ut med noka støtte til dagens form for reindrift. Det dei har gjort er å samarbeide med reindrifta, Sametinget og ei mengde andre organisasjonar og miljø mot naturinngrep i reindriftsområde. Desse inngrepa, som vind- og vasskraft, kraftlinjer, gruver og militære anlegg, er eit felles trugsmål mot både planter, dyr, reindrift, friluftsliv, turisme og ofte bumiljø. Desse gruppene har funne ut at dei på kvart sitt grunnlag har interesse av å stoppe dei planlagte inngrepa, og at dei derfor bør samarbeide trass i at dei ikkje er samde om alt. På same vis samarbeider kystfiskarar, laksefiskarar og oppdrettsnæring mot gruveavfall i fjordane, sjølv om dei kan vere usamde om fiskeripolitikken.

Storaas sitt mål er å knuse denne alliansen, og sette miljøvernarar og reineigarar opp mot kvarandre, slik at dei ikkje samarbeider mot inngrep. Kven som tener på dette kan alle sjå, det er norske og internasjonale vindkraft- og gruvespekulantar, som vil ha tilgang til alt av naturområde, med eller utan tam eller vill rein.

Professoren vil ha det til at det er "tamreinindustrien" som har utrydda villreinen, Da er Miljødirektoratet langt meir saklig:

Opprinnelig fantes det villrein i hele landet, men mye har endret seg i løpet av de siste hundre årene. I nord ble det en gradvis overgang til tamreindrift og de siste villreinflokkene der forsvant på 1800-tallet. Villreinflokkene i Sør-Norge holdt på å bli utryddet på grunn av overhøsting omkring samme tid.

Utbygging og menneskelig aktivitet har ført til en oppsplitting av arealene villreinen kan bruke. ... Presset på leveområdene har økt gjennom hele 1900-tallet og pågår fortsatt.

Overgangen frå villrein til tamrein i Nord-Noreg foregikk altså fram til 1800-talet. Den som meiner reindrifta i den tida var "tamreinindustri", veit ingenting om reindriftshistorie eller ingenting om industri. Det er altså i følge direktoratet ikkje reindrifta som trugar villreinen i Sør-Noreg, men heilt andre krefter i storsamfunnet, som professoren behendig unngår å nemne.

Det er ingen tvil om at reindrifta har blitt endra mye frå 1960-talet til i dag. Eg skriv ikkje at reindrifta har endra seg, ho har blitt endra, dels på grunn av ein gjennomgåande modernisering og mekanisering i heile samfunnet, dels på grunn av statlig styring. På 1970-talet kom ein ny reindriftslov og ein reindriftsavtale som skulle styre reindrifta etter statlige og bedriftsøkonomiske retningslinjer. Staten ønska ei mekanisering, større reinflokkar og flokkstrukturering for auka kjøttproduksjon. Middel var å nekte reinmerke til dei som ikkje deltok i næringa for fullt og innføre driftsenhet. Dette braut med samiske tradisjonar og skauv i stor grad kvinnene ut av reindrifta. Staten ønska nettopp ein "tamreinindustri". Seinare kom skadeverknadane fram med bl.a. overbeite og staten greip igjen inn. No for å presse dei "overflødige" ut av reindrifta, dei som ikkje dreiv industrielt nok. Det blei ikkje gjort noko frå staten for å redusere mekaniseringsgraden, snarare tvert om. Med fleire maskinar kunne færre reineigarar gjete fleire rein.

Det har sidan stått ein stadig strid om reindriftpolitikken, mellom staten og reindrifta, og dels innafor reindrifta. Den statlige reindriftpolitikken har skapt mye problem for reindrift og samisk kultur. Men det største trugsålet no er likevel naturinngrepa. Fordi desse ikkje lett kan gjørast om, slik ein lov kan endrast. Det er snakk om varig øydeleggande inngrep på store område, som vil gjøre dei ueigna for både reindrift og friluftsliv, og som vil endre landskapet for overskodelig framtid. Skal vi ha reindrift i framtida, med alt det denne næringa bidrar med av kjøtt og anna mat, materiale til samisk husflid, språk-, kultur- og naturkunnskap, må inngrepa stoppast. I neste omgang kan vi da diskutere dei negative sidene ved dagens reindriftpolitikk og praksis og

korleis denne næringa kan drivast med mindre skadelig påverknad på naturen.

Svein Lund

Guovdageaidnu

"Natur og Pensjonist"